HELSE VEST

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 23.01.2018
**SAKSHANDSAMAR:** Synnøve Teigelid og Terje Arne Krokvik
**SAKA GJELD:** **Konsernbudsjett 2018, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2018/49
**STYRESAK:** **010/18**

**STYREMØTE:** **08.02. 2018**

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektsramme for 2018 som blei vedtatt under sak 121/17 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

| Endringar i inntektsramma for 2018 (heile tusen kroner) | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntektsramme 2018 - sak 121/17 B | 6 173 791 | 3 209 086 | 9 705 779 | 2 564 656 | 4 063 990 | 25 717 302 |
| **Justeringar av inntektsramme frå staten:** | | | | | | |
| Kvalitetsbasert finansiering | -41 | -24 | -101 | -23 | | -189 |
| Forsking og medisinske kompetansetenester | | | | | -284 | -284 |
| Omlegging arbeidsgiveravgift | | | | | | 0 |
| Medisinske kvalitetsregister | | | | | -112 | -112 |
| tannhelseteneste | | | | | 400 | 400 |
| Mindre oppdateringer oppdragsdokument | | | | | 16 | 16 |
| **Endringar i inntektsfordelinga** | | | | | | 0 |
| Regionalt utdanningssenter | 500 | 500 | 2 400 | 500 | -3 900 | 0 |
| Drift av OCD-team | | | -1 284 | | 1 284 | 0 |
| Utfasing gebyrinntekter Sykehusinnkjøp HF | -1 172 | -667 | -1 693 | -443 | 3 975 | 0 |
| | | | | | | 0 |
| Sum endringar | -713 | -191 | -678 | 34 | 1 379 | -169 |
| Oppdatert inntektsfordeling 2018 | 6 173 078 | 3 208 895 | 9 705 101 | 2 564 690 | 4 065 369 | 25 717 133 |

HELSE VEST

2. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak

| INNTEKTSFORDELING 2018 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SUM, ISF | 1 944 312 | 925 280 | 3 054 922 | 625 558 | - | 6 550 072 |
| SUM, basisramme fordelt etter modell | 3 857 021 | 2 038 178 | 5 673 921 | 1 712 164 | 0 | 13 281 284 |
| Kvalitetsbasert finansiering | 21 974 | 13 121 | 54 469 | 12 247 | | 101 811 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell *) | 340 173 | 224 950 | 890 942 | 194 871 | 4 065 369 | 5 716 305 |
| Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | 9 598 | 7 366 | 30 848 | 19 849 | | 67 661 |
| SUM, inntekt 2018 fordelt frå RHF | 6 173 078 | 3 208 895 | 9 705 101 | 2 564 690 | 4 065 369 | 25 717 133 |

3. Resultatkravet for 2018 blir fastsett som følgjer:

| Endeleg inntektsfordeling | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2018 | 80 000 | 40 000 | 110 000 | 28 000 | 12 000 | 1 000 | 150 000 | 421 000 |

4. Investeringsbudsjettet for 2018 blir fastsett som følgjer:

**Samandrag investeringar (Budsjett 2018)**

| Beløp i heile tusen kroner | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygg - tilgjengelig ramme | 499 300 | 227 000 | 496 000 | 97 800 | 1 400 | | | 1 321 500 |
| Medisinteknisk utstyr | 168 200 | 25 000 | 165 000 | 21 200 | 5 600 | | | 385 000 |
| IKT | | | | 1 700 | | 405 000 | | 406 700 |
| Anna | 26 000 | 8 000 | 106 000 | 6 700 | 1 800 | | | 148 500 |
| Sum investeringar 2017 | 693 500 | 260 000 | 767 000 | 127 400 | 8 800 | 405 000 | 0 | 2 261 700 |

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2017 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka.

5. Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettramma.

6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørgje for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

## Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 14. desember 2017 sak 121/17 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2018. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2018:

Inntektsramme

| INNTEKTSFORDELING 2018 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SUM, ISF | 1 944 312 | 925 280 | 3 054 922 | 625 558 | - | 6 550 072 |
| SUM, basisramme fordelt etter modell | 3 858 194 | 2 038 845 | 5 675 613 | 1 712 607 | 0 | 13 285 259 |
| Kvalitetsbasert finansiering | 22 015 | 13 145 | 54 570 | 12 270 | | 102 000 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell *) | 339 673 | 224 450 | 889 826 | 194 371 | 4 063 990 | 5 712 310 |
| Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | 9 598 | 7 366 | 30 848 | 19 849 | | 67 661 |
| SUM, inntekt 2018 fordelt frå RHF | 6 173 791 | 3 209 086 | 9 705 779 | 2 564 656 | 4 063 990 | 25 717 302 |

Resultatkrav

| Endeleg inntektsfordeling | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2018 | 80 000 | 40 000 | 110 000 | 28 000 | 12 000 | 1 000 | 150 000 | 421 000 |

Helseføretaka har med basis i sak 121/17 B behandla og vedtatt sine budsjett for 2018 i dei respektive styra.

Helse Vest RHF legg med basis i helseføretaka sine vedtak for budsjett 2018 no fram sak om konsernbudsjett 2018 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka tar og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i sak om inntektsfordeling 2018. I tillegg er det nokre mindre postar som ikkje var fanga opp i sak 121/17 B som no er innarbeidd i inntektsfordelinga.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2018 og kjøp av helsetenester for 2018 følgjer vedlagt.

## Fakta

# 1. Inntektsramme frå staten

## 1.1. Oversikt over inntekter frå staten (Oppdragsdokument 2018)

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no oppdatert og innarbeidd i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette var berre mindre endringar samanlikna med sak 121/17 B:

| (tal i heile tusen) | Kap. Post | Statsbudsjett 2018 | Oppdrags-dokument 2018 | Endring |
|---|---|---|---|---|
| Kvalitetsbasert finansiering | 732. 71 | 102 000 | 101 811 | -189 |
| ISF-inntekt (overslagsbevilgning) | 732. 76 | 7 082 037 | 7 082 037 | 0 |
| Basisramme | 732. 73 | 18 327 045 | 18 327 061 | 16 |
| Forsking og medisinske kompetansesenter | 732. 78 | 149 500 | 149 216 | -284 |
| Omlegging av arbeidsgivaravgift | 732. 70 | 27 763 | 27 763 | 0 |
| Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar | 732. 70 | 6 600 | 6 600 | 0 |
| Klinisk multisenterstudie ME | 732. 70 | 2 000 | 2 000 | 0 |
| Forsking ME | 732. 70 | 1 000 | 1 000 | 0 |
| Landsdekkende modell for rettspsykiatri | 732. 70 | 1 100 | 1 100 | 0 |
| Nasjonalt program for tarmscreening 2019 | 732. 70 | 1 500 | 1 500 | 0 |
| Medisinske undersøkingar på barnehusa | 732.70 | 3 900 | 3 900 | 0 |
| Vidareutvikle avansert hjemmesjukehus for barn | 732.73 | 6 100 | 6 100 | 0 |
| Medisinske kvalitetsregistre | 701.71 | 6 757 | 6 645 | -112 |
| Tilskot til særlege driftsutgifter tannhelseteneste | 770.21 | 0 | 400 | 400 |
| Sum, estimert inntekt frå staten | | 25 717 302 | 25 717 133 | -169 |

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 626 mill. for 2018. Budsjettet legg til rette for ein vekst på 6,8% utover anslått nivå i 2017, basert på rekneskapstal frå januar til juni 2017.

Frå og med 2017 er poliklinisk psykisk helsevern og rusbehandling lagt over i ISF ordninga. For Helse Vest er det gitt ei overslagsløyving på 120 756 DRG-poeng med ein einingspris på kr 2 354,-. Det er førebels ikkje gjort nokon fordeling av denne overslagsløyvinga på helseføretaka og dei private aktørane. Dette er eit forhold som Helse Vest må komme tilbake til når ein har fått eit betre talgrunnlag samt erfaring med ordninga.

## 1.2. Kvalitetsbasert finansiering

Tilskotet til kvalitetsbasert finansiering er i oppdragsdokumentet justert ned med kr 189 tusen og ny fordeling til helseføretaka utgjer no:

| Kvalitetsbasert finansiering | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Nytt tall i oppdragsdokumentet | 21 974 | 13 121 | 54 469 | 12 247 | 101 811 |

## 1.3. Forsking og medisinske kompetansetenester

Tilskotet til forsking og medisinske kompetansesenter er justert ned med kr 284 tusen samanlikna mot Statsbudsjettet som blei lagt fram i oktober. Forskingsbudsjettet er justert ned tilsvarande.

## 1.4. Medisinske kvalitetsregister

Data frå medisinske kvalitetsregister er ei viktig kjelde når det gjeld å styrke det systematiske arbeidet for betre kvalitet og pasientsikkerheit. Helse Vest RHF er tildelt eit tilskot til Nasjonal IKT for å utvikle tekniske fellesløysingar for nasjonale medisinske kvalitetsregister. Nasjonal IKT og Fagforum for medisinske kvalitetsregister skal i samarbeid med Direktoratet for e-helse hjelpe til slik at inntil kr 2 mill. av desse midlane blir tilgjengelege for Helsedataprogrammet til realisering av fellestenester for registera.

Tilskotet til medisinske kvalitetsregister er i oppdragsdokumentet sett til kr 6,645 mill.

## 1.5. Forsøksordning tannhelseteneste

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 0,4 mill. til særlege driftsutgifter til prøveordning av tannhelseteneste. Midlane er førebels ikkje fordelt.

## 1.6. Regionalt utdanningssenter

Regionalt utdanningssenter som er lagt til Helse Bergen har bidrege svært konstruktivt for å leggje til rette for ny LIS utdanning saman med helseføretaka i regionen. Helse Vest ser at det i ein overgangsfase er utfordringar ved å etablere eit fullverdig fullt operativt Regionalt utdanningssenter. Regionalt utdanningssenter har i samspel med føretaka lagt til grunn at det er heilt avgjerande at helseføretaka og etablerer ei koordinerande rolle for å sikre samspelet internt og mellom helseføretaka og Regionalt utdanningssenter.

Som ei overgangsordning har Helse Vest gitt ei tildeling til Helse Bergen på kr 2,4 mill. og kr 0,5 mill. til kvart av dei andre helseføretaka i 2017 og 2018 for å sikre eit fullverdig Regionalt utdanningssenter. Frå og med 2019 er det føresett at oppgåvene fullt ut blir finansiert som ein del av den ordinære verksemda både i Helse Bergen og i dei andre helseføretaka. Midlane for 2018 var ikkje fanga opp i inntektsfordelingssaka som blei behandla i desembermøtet. Midlane er dekka gjennom ei intern omfordeling av budsjettet innanfor kjøp av helsetenester. Midlane er fordelt ut til helseføretaka.

## 1.7. Drift av OCD-team

Helse Vest har som ein del av eit nasjonalt prosjekt bidrege til opplæring og etablering av team for behandling av barn/unge og vaksne med tvangslidingar (OCD-team). Det er etablert slike team i alle helseføretaka. Det nasjonale prosjektet blei avslutta i 2015 og dei regionale helseføretaka fekk i oppdragsdokumentet for 2016 krav om å sikre vidare drift av OCD-team, m.a. nødvendig implementering og opplæring. Kravet er vidareført til helseføretaka.

For å sikre tilstrekkeleg med ressursar til vidare drift blei det i 2017 foreslått å sette av kr 2,5 mill. over to år i 2017 og 2018. Det blei sett av kr 1,25 mill. i budsjettet for 2017, tilsvarande beløp er sett av i budsjettet for 2018. Ved ein inkurie blei midlane fordelt til Helse Bergen i basisramma i sak 120/17 B. Midlane er overført til kjøp av helsetenester. Midlane vil bli tildelt til Helse Bergen gjennom eit tildelingsbrev på same måte som i 2017.

### 1.8. Utfasing av gebyrinntekter Sjukehusinnkjøp HF

Det er sett i gang eit arbeid med ny finansieringsmodell for Sjukehusinnkjøp HF. I løpet av 2018 vil det skje ei gradvis utfasing av dei gebyrinntektene Sjukehusinnkjøp HF no har frå leverandørane. Gebyret er linka opp til avtalebruken (omsetning). Ei utfasing vil resultere i to endringar:

- Prisen går ned tilsvarande gebyret (1% av omsett beløp)
- Sjukehusinnkjøp HF fakturer regionane som følgje av bortfall av gebyrinntekter.

For Helse Vest utgjer dette kr 3,975 mill. i 2018. Dette er reint praktisk handtert gjennom at kostnaden er lagt inn i budsjettet til Helse Vest. Dette inneber ei tilsvarande lågare inntektsramme til helseføretaka og lågare kostnad frå Sjukehusinnkjøp HF som følgje av bortfall av gebyrinntekter.

### 1.9. Tilbakehaldne midlar til omlegging lab takstar

I statsbudsjettet for 2018 blei kr 400 mill. overført frå aktivitetsbaserte refusjonsinntekter til basisbevillinga. For Helse Vest utgjer dette om lag kr 75,8 mill. Midlane vil bli fordelt til helseføretaka så snart det er gjort ei vurdering av om det er forhold som gjer at fordelinga skal avvike frå ordinær inntektsfordeling.

### 1.10. Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

| Endringar i inntektsramma for 2018 (heile tusen kroner) | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntektsramme 2018 - sak 121/17 B | 6 173 791 | 3 209 086 | 9 705 779 | 2 564 656 | 4 063 990 | 25 717 302 |
| **Justeringar av inntektsramme frå staten:** | | | | | | |
| Kvalitetsbasert finansiering | -41 | -24 | -101 | -23 | | -189 |
| Forsking og medisinske kompetansetenester | | | | | -284 | -284 |
| Omlegging arbeidsgiveravgift | | | | | | 0 |
| Medisinske kvalitetsregister | | | | | -112 | -112 |
| tannhelseteneste | | | | | 400 | 400 |
| Mindre oppdateringer oppdragsdokument | | | | | 16 | 16 |
| **Endringar i inntektsfordelinga** | | | | | | 0 |
| Regionalt utdanningssenter | 500 | 500 | 2 400 | 500 | -3 900 | 0 |
| Drift av OCD-team | | | -1 284 | | 1 284 | 0 |
| Utfasing gebyrinntekter Sykehusinnkjøp HF | -1 172 | -667 | -1 693 | -443 | 3 975 | 0 |
| | | | | | | 0 |
| Sum endringar | -713 | -191 | -678 | 34 | 1 379 | -169 |
| Oppdatert inntektsfordeling 2018 | 6 173 078 | 3 208 895 | 9 705 101 | 2 564 690 | 4 065 369 | 25 717 133 |

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til helseføretaka for 2018 samt vedlegg 2; oppdatert budsjett ”Kjøp av helsetenester”.

### 1.11. Gylne regel

Det er i Statsbudsjettet og oppdragsdokumentet presisert at det også i 2018 skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk. Dette styringskravet er følgt opp av Helse Vest i inntektsfordelingssaken frå desember (sak 121/17 B) og vil bli ytterlegare presisert i Styringsdokument 2018 at denne og skal gjelde på føretaksnivå.

Helse Vest vil til styremøtet kvalitetssikre budsjetta for å følgje opp at det er gjort nødvendige budsjettmessige prioriteringar for å oppfylle «den gylne regel». Budsjettsystemet er førebels ikkje oppdatert med aktuelle fordelingsnøklar som er nødvendig for å ta ut data som viser vekst innanfor dei ulike tenesteområda. Eventuell manglande budsjettmessige prioriteringar av «den gylne regel» vil bli følgt opp mot helseføretaka.

Nedanfor er det gitt ein oppsummering av helseføretaka sin tilbakemelding på handtering av «den gylne regel»:

Helse Stavanger står ovanfor ei omfattande omstilling i 2018. I budsjettet for 2018 er det ikkje rom for ytterlegare vekst, og alle klinikkar har fått tildelt omstillingskrav. For å byggje opp under «den gylne regel» har klinikk for psykisk helsevern vaksne og klinikk for psykisk helsevern barn, unge og rus, fått lågare trekk i budsjettrammene enn kva somatiske klinikkar har fått. Desse to klinikkane har fått budsjettkutt på kr 2 mill. og kr 1 mill., medan den somatiske delen har fått kr 21 mill. til saman. I tillegg er budsjettet til Fritt behandlingsval innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling auka i 2018.

Helse Fonna vil med budsjettet for 2018 nå «den gylne regel» ved at somatikken har fått ein større kostnadsreduksjon i forhold til faktiske tall for 2017 (ekskl. legemiddel) enn psykisk helsevern. For psykisk helsevern er det og lagt opp til høgare aktivitetsvekst enn for somatikk.

Helse Bergen har i budsjettet for 2018 prioritert psykisk helsevern og rusbehandling. Psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er skjerma for nedtrekk i budsjettrammene som er gjort for resten av sjukehuset. Divisjon psykisk helsevern har dei siste åra gjennomført store omstillingar i tråd med dei nasjonale føringane. For vaksne har føretaket prioritert DPS framfor sjukehusfunksjonar, og prioritert poliklinikk og ambulante tenester framfor døgnplassar. Innflytting i Barne- og ungdomssjukehuset (BUS) frå 2017, har gitt eit løft for psykisk helsevern for barn og unge. Innan rusbehandling vil også aktiviteten gå til meir fokus på kortare opphald og meir poliklinisk behandling før, under og etter opphaldet. Helse Bergen har i budsjettet for 2018 lagt opp til ein høgare realvekst i personalkostnad innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn somatikk samanlikna mot 2017.

Helse Førde har i sitt budsjett tatt omsyn til at psykisk helsevern skal ha ein vekst på om lag 4,8 % (justert for kostnadar til medikament og pensjon) samanlikna mot budsjettet for 2017. Innsparingskravet til psykisk helsevern er marginalt lågare enn i somatikken og nedtak av bemanning er lågare i psykisk helsevern enn i somatikken. Planlagt vekst i poliklinisk aktivitet i psykisk helsevern er på 2,6 % mot 1,2 % i somatikken.

## 2. Konsernbudsjett 2018

Helseføretaka har med basis i sak 121/17 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2018, fatta vedtak om budsjett 2018 i sine respektive styre. Resultatkravet er som følgjer:

| **Endeleg inntektsfordeling** | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2018 | 80 000 | 40 000 | 110 000 | 28 000 | 12 000 | 1 000 | 150 000 | 421 000 |

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2018 som følgjer:

| **Tal i heile mill.** | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | Kjøp av helsetenester | Helse Vest administrasjon | Eliminering | Konsern |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | | | | | | | |
| Basisramme | 4 197,9 | 2 261,6 | 6 621,1 | 1 925,6 | - | - | 18 202,2 | 124,8 | -15 006,2 | 18 327,0 |
| ISF inntekter | 2 025,3 | 963,0 | 3 142,1 | 667,9 | - | - | 7 082,0 | - | -6 798,3 | 7 082,0 |
| Polikliniske inntekter og egenbet | 196,4 | 124,7 | 621,9 | 84,3 | - | - | 626,0 | - | -710,0 | 943,4 |
| Andre inntekter og tilskudd | 470,0 | 78,8 | 1 027,2 | 127,2 | 1 279,8 | 1 018,0 | 307,6 | - | -1 962,8 | 2 345,9 |
| **Sum driftsinntekter** | **6 889,5** | **3 428,2** | **11 412,3** | **2 805,1** | **1 279,8** | **1 018,0** | **26 217,9** | **124,8** | **-24 477,4** | **28 698,3** |
| Varekostnader | 1 206,6 | 577,6 | 1 426,5 | 467,4 | 1 041,3 | 27,7 | 25 467,9 | - | -23 459,4 | 6 755,7 |
| Personalkostnader | 4 593,4 | 2 281,3 | 7 762,6 | 1 800,6 | 158,7 | 327,4 | - | 74,1 | - | 16 998,1 |
| Andre driftskostnader | 766,0 | 401,7 | 1 554,0 | 430,5 | 63,5 | 422,2 | 630,0 | 50,7 | -1 018,0 | 3 300,6 |
| Avskrivninger | 233,2 | 128,5 | 535,2 | 76,0 | 5,2 | 233,2 | - | - | - | 1 211,4 |
| **Sum driftskostnader** | **6 799,2** | **3 389,1** | **11 278,3** | **2 774,5** | **1 268,7** | **1 010,5** | **26 097,9** | **124,8** | **-24 477,4** | **28 265,8** |
| **Driftsresultat** | **90,3** | **39,0** | **134,0** | **30,6** | **11,1** | **7,5** | **120,0** | **-** | **-** | **432,5** |
| Finansinntekter | - | 3,7 | - | 1,4 | 1,1 | 1,0 | 30,0 | - | - | 37,2 |
| Finanskostnader | 10,3 | 2,8 | 24,0 | 4,0 | 0,1 | 7,5 | - | - | - | 48,7 |
| **Finansresultat** | **-10,3** | **1,0** | **-24,0** | **-2,6** | **0,9** | **-6,5** | **30,0** | **-** | **-** | **-11,5** |
| **Resultat** | **80,0** | **40,0** | **110,0** | **28,0** | **12,0** | **1,0** | **150,0** | **-** | **-** | **421,0** |

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt, polikliniske inntekter og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

HELSE VEST

## 3. Investeringsbudsjett 2018

Styret i Helse Vest behandla i møte den 21/6-2017 sak 071/17 B Langtidsbudsjett 2018-2022. I denne er det mellom anna fastsett resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ei oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2018 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2018. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2017 samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Det samla investeringsbudsjettet for 2018 blir som følgjer:

**Samandrag investeringar (Budsjett 2018)**

| Beløp i heile tusen kroner | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygg - tilgjengelig ramme | 499 300 | 227 000 | 496 000 | 97 800 | 1 400 | | | 1 321 500 |
| Medisinteknisk utstyr | 168 200 | 25 000 | 165 000 | 21 200 | 5 600 | | | 385 000 |
| IKT | | | | 1 700 | | 405 000 | | 406 700 |
| Anna | 26 000 | 8 000 | 106 000 | 6 700 | 1 800 | | | 148 500 |
| Sum investeringar 2017 | 693 500 | 260 000 | 767 000 | 127 400 | 8 800 | 405 000 | 0 | 2 261 700 |

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2018 er lagt inn med følgjande føresetnad:

**Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2018:**

| Beløp i heile tusen kroner | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnl | 80 000 | 40 000 | 110 000 | 28 000 | 12 000 | 1 000 | 150 000 | 421 000 |
| + Avskriving | 233 000 | 128 513 | 530 000 | 76 000 | 5 206 | 233 203 | | 1 205 922 |
| + Nedskriving anleggsmidlar | | | | | | | | 0 |
| = Kontantstraum frå drifta | 313 000 | 168 513 | 640 000 | 104 000 | 17 206 | 234 203 | 150 000 | 1 626 922 |
| +/- Førebels resultatavvik 2017 | -80 000 | -20 000 | -60 000 | -27 500 | | | 375 000 | 187 500 |
| + Nedskriving 2017 | | | | | | | | 0 |
| + Opptak av nye lån | 265 000 | 50 000 | 414 000 | 150 000 | | | | 879 000 |
| - Avdrag lån | -48 500 | -15 085 | -115 000 | -11 369 | | | | -189 954 |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT | -37 500 | -14 852 | -36 000 | -12 648 | | 101 000 | | 0 |
| + Sal av anleggsmidlar | | | 60 000 | | | | | 60 000 |
| +/- Likviditet overført frå 2017 | 346 000 | 173 269 | -92 000 | -65 054 | | | 135 000 | 497 215 |
| +/- annet | | | 27 000 | | | | | 27 000 |
| **Finansielt grunnlag** | **758 000** | **341 845** | **838 000** | **137 429** | **17 206** | **335 203** | **660 000** | **3 087 683** |
| + Interne lån overført fra tidlegare år | 75 000 | | | 60 000 | | | -135 000 | 0 |
| + Internt lån 2018 | | | | | | 70 000 | -70 000 | 0 |
| **Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån** | 833 000 | 341 845 | 838 000 | 197 429 | 17 206 | 405 203 | 455 000 | 3 087 683 |
| **Investeringsplanar i HF-a** | 693 500 | 260 000 | 767 000 | 127 400 | 8 800 | 405 000 | 0 | 2 261 700 |

## 3.1. Helse Stavanger

Helse Stavanger har eit finansielt grunnlag til gjennomføring av investeringar i 2018 på kr 833 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2017 blir om lag kr 80 mill. dårlegare enn budsjettert. Endringar i endeleg resultat vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Stavanger er tidlegare tildelt lån på til saman kr 75 mill. frå Helse Vest RHF. Føretaket har lagt til grunn at dette lånet blir overført til 2018.

Helse Stavanger fekk for 2018 tildelt kr 265 mill. i lån over statsbudsjettet til nytt sjukehus. Sjukehusutbyggingsprosjektet er det største enkeltprosjektet i 2018. Investeringane i 2018 er estimert til kr 450 mill. Kostnadane i 2018 består i hovudsak av kjøp av tenester frå arkitekt/ingeniørar (Nordic Cowi) og Sjukehusbygg HF.

For 2018 har føretaket prioritert om lag kr 168 mill. til investering i medisinsk teknisk utstyr (MTU). Det er eit stort behov for utskifting for ulike typar mindre utstyr under kr 5 mill. og investeringane dei to siste åra har vore låge, som blant anna skuldast lange innkjøpsprosessar. Investeringane er i hovudsak knytt til nødvendig utskifting av eksisterande maskinar og ikkje investering i nytt utstyr.

Helse Stavanger har i sitt investeringsbudsjett for 2018 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

| Investeringar 2018: | |
|---|---|
| Sjukehusutbygging (SUS2023) | 448 200 |
| Anna bygg | 51 100 |
| Sum bygg | 499 300 |
| MTU | 168 200 |
| Andre investeringar | 26 000 |
| Sum investeringar | 693 500 |

Med eit investeringsbudsjett på kr 694 mill. vil Helse Stavanger overføre kr 139 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2019 og framtidige investeringar.

## 3.2. Helse Fonna

Helse Fonna har i 2018 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 341,8 mill.

Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat i 2017 om lag kr 20 mill. dårlegare enn budsjettert. Endringar i resultatet vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Fonna fekk for 2018 tildelt kr 50 mill. i lån over statsbudsjettet til prosjekt Haugesund 2020. Føretaket har tatt høgde for ein investeringskostnad på om lag kr 200 mill. til prosjektet i 2018.

Helse Fonna har i sitt investeringsbudsjett for 2018 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

| Investeringar 2018: | |
|---|---|
| Bygg Haugesund 2020 | 200 000 |
| Anna bygg | 27 000 |
| Sum bygg | 227 000 |
| MTU | 25 000 |
| Andre investeringar | 8 000 |
| Sum investeringar | 260 000 |

Med eit investeringsbudsjett på kr 260 mill. vil Helse Fonna overføre kr 81,8 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2019 og framtidige investeringar.

### 3.3. Helse Bergen

Helse Bergen har i 2018 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 838 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2017 blir om lag kr 60 mill. dårlegare enn budsjettert. Endringar i endeleg resultat vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Faktiske investeringar i 2017 er om lag kr 90 mill. lågare enn det vedtekne investeringsnivået. Dette er særleg knytt til dei større byggeprosjekta og til medisinsk teknisk utstyr. Dette er innarbeidd i investeringsnivået i 2018 og dels 2019.

Føretaket er tildelt lån frå staten til finansiering av nytt senter for barn og unge ved Helse Bergen (BUS). Trinn 1 av prosjektet er ferdigstilt. Trinn 2 av prosjektet har ein samla investeringskostnad på om lag kr 3.4 mrd. Det er i 2018 tildelt kr 320 mill. i lån til trinn 2.

Føretaket er i 2018 tildelt kr 94 mill. i lån frå staten til oppgradering av sentralblokka ved Haukeland universitetssjukehus. Til saman er prosjektet tildelt ei låneramme på kr 370 mill. som blir utbetalt i perioden 2017-2020.

Helse Bergen har i sitt investeringsbudsjett for 2018 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

| Investeringar 2018: | |
|---|---|
| Investering bygg ekskl. BUS | 181 000 |
| BUS trinn 1 | 20 000 |
| BUS trinn 2 | 295 000 |
| Sum bygg | 496 000 |
| MTU | 165 000 |
| Andre investeringar | 106 000 |
| Sum investeringar | 767 000 |

Med eit investeringsbudsjett på kr 767 mill. vil Helse Bergen overføre kr 71 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2019 og framtidige investeringar.

### 3.4. Helse Førde

Helse Førde har i 2018 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 197,4 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2017 blir om lag kr 27,5 mill. lågare enn budsjettet. Endringar i endeleg resultat vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Førde er i 2011 tildelt eit internt lån på kr 60 mill. som ikkje er utbetalt enda. Føretaket har lagt til grunn at dette lånet blir utbetalt i 2018.

Helse Førde har i sitt investeringsbudsjett for 2018 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

| Investeringar 2018: | |
|---|---|
| Nytt Førde sjukehus | 64 300 |
| Anna bygg | 33 500 |
| Sum bygg | 97 800 |
| MTU | 21 200 |
| IKT utstyr | 1 700 |
| Andre investeringar | 6 700 |
| Sum investeringar | 127 400 |

Helse Førde er i statsbudsjettet tildelt kr 150 mill. i lån til oppgradering og modernisering av Førde sjukehus. Føretaket har tatt høgde for ein investeringskostnad på om lag kr 64 mill. til prosjektet i 2018. Helse Førde har i sin styresak om investeringsbudsjett for 2018 synleggjort den delen av lånet som er planlagt disponert i 2018. I finansieringsgrunnlaget som er lagt fram i denne saken er heile lånet på kr 150 mill. synleggjort. Med eit investeringsbudsjett på kr 127,4 mill. vil Helse Førde overføre kr 70 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2019 og framtidige investeringar.

## 3.5. Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har gjennom avskrivingar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag kr 234,2 mill. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke heile investeringsbehovet innanfor IKT.

Derfor må helseføretaka stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen. Totalt er tilførselen av likviditet frå helseføretaka til Helse Vest IKT på om lag kr 101 mill. Helse Vest IKT har i tillegg lagt til grunn at Helse Vest RHF vil tilføre likviditet ved at det blir gitt eit internt lån på kr 70 mill. i 2018. Det er tatt høgde for dette lånet i finansieringsgrunnlaget.

Det finansielle grunnlaget utgjer med dette kr 405,2 mill. Samla investeringsplan i 2018 er på kr 405 mill.

## 3.6. Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka Vest har eit finansieringsgrunnlag i 2018 på kr 17,2 mill. Det samla investeringsbudsjettet for 2018 er sett til kr 8,8 mill.

## 3.7. Helse Vest RHF

Det samla finansieringsgrunnlaget til Helse Vest RHF i 2018 er på om lag kr 455 mill.

Administrerande direktør vil komme tilbake med ein styresak der ein eventuelt tilrår om delar av den frie likviditeten skal styrast inn mot prioriterte områder/prosjekt på eit seinare tidspunkt.

# 4. Investeringar og gevinst

Styret i Helse Vest har i samband med styresak 061/15 fatta følgjande vedtak:

> *«Det må utarbeidast mål og handlingsplan i det årlege investeringsbudsjettet om kva gevinstar som skal takast ut ved nye investeringar»*

Helseføretaka har gitt ei tilbakemelding på korleis føretaka arbeidar i forhold til å ta ut gevinstar knytt til byggeprosjekt, større MTU (medisin-teknisk utstyr) prosjekt og regional prosjektportefølje. Tilbakemeldingane synleggjer på eit overordna nivå kva mål som er sett for gevinstar knytt til investeringar, og kva handlingsplan som ligg til grunn for å ta ut desse gevinstane.

Hovudfokuset i tilbakemeldingane er retta inn mot dei store byggeprosjekta i føretaka. Byggeprosjekta har fastsette mål i langtidsplanen og i eigne prosjekt som arbeidar med vidare konkretisering av gevinstar og gevinstrealiseringsplanar. Føretaka viser til at det meste av investeringane innanfor MTU er i hovudsak erstatning av eksisterande utstyr.

Det er stor variasjon i tilbakemeldingane frå helseføretaka både i omfang, konkretisering av mål, forankring og omtale av gevinstplanane. Det er derfor viktig at helseføretaka arbeidar vidare med å fastsette konkrete mål og utvikle handlingsplan, samt sikre god forankring av desse på rett nivå i føretaket slik at ein sikrar at forventa gevinstar knytt til investeringar blir realisert.

Helse Vest har i føringane til rullering av langtidsbudsjett våren 2018, bedt helseføretaka om å gi ein nærare omtale og konkretisering av arbeidet rundt investeringar og gevinst samt kva mål og handlingsplanar som ligg til grunn for dei gevinstane som føretaka skal realisera som effekt av investeringsplanen. Dette er eit forhold som må følgjast opp vidare og vil såleis vere eit utviklingsarbeid.

Tabellane under gir ei oversikt over tilbakemeldingane frå helseføretaka:

## 4.1. Helse Stavanger

| Prosjekt | Total investering | Samla gevinstmål | Gevinst innarbeida i budsjett 2018 | Handlingsplan og forankring | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|
| SUS2023 | 8 434 000 | 172 000 | | Gevinstane er forankra i Styresak 101/15 Prosjekt sjukehusutbygging. Det er etablert eige OU-prosjekt som arbeidar med vidare konkretisering av gevinstar og gevinstrealiseringsplan. | |
| MTU prosjekt: | | | | | Dei årlege investeringane er i hovudsak erstatning for eksisterande utstyr. |
| Andre investeringer | | | | | I hovudsak investeringar i samband med vedlikehald og HMS |
| *Regional prosjektportefølje (IKT):* | | | | | |
| HELIKS (helhetlig innføring av kliniske system): | HV IKT | 29 000 | | | Effektivseringskrav er fordelt i budsjettet, men ikkje spesifisert. |
| *KULE (elektronisk kurve- og legemiddelhåndtering)* | | | | Etablering og oppfølging av lokal gevinstrealiseringsplan startar i 2018. Dette er forankra i leiargruppa. Oppfølging av målingar som blei gjort i forprosjekt. | I forprosjektet (2015-2016) blei det skissert ei rekke med moglege gevinstar. Spart tid /gangtid /scanning , spart kassasjon av legemiddel, redusert liggjetid |
| *DMA (digitalt mediearkiv)* | | | | | Stort sett kvalitative gevinstar |
| *EKG (felles regional EKG-database)* | | | | | Det regionale direktivet har anbefalt dei lokale prosjekta å lage lokale kost nytte vurderingar. |
| ALLE MØTER | HV IKT | | | Det er utarbeida ulike KPI-ar med mål som er forankra ute i organisasjonen. Det er planlagt kvartalsvis oppfølging i 2018. | Effektivseringskrav er fordelt i budsjettet, men ikkje spesifisert. |
| LIBRA | HV IKT | 8 750 | | | |

HELSE VEST

## 4.2. Helse Fonna

| Prosjekt | Total investering | Samla gevinstmål | Gevinst innarbeida i budsjett 2018 | Handlingsplan og forankring | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|
| *Byggeprosjekt:*<br>ByggHgsd2020 | 1 928 571 | 45 000 | - | Egen prosjektgruppe for gevinst realisering. Forankring mot styringsgruppen for ByggHgsd2020 og de faglige prosjektgruppene og | Gevinstene er planlagt realisert fra 2021 etter bygget er tatt i bruk. |
| *MTU prosjekt:* | - | - | - | | Ingen større nye MTU prosjekter. I hovedsak bare erstatning av eksisternede MTU. |
| *Andre større prosjekt:* | | | | | Ingen andre større prosjekt. |
| *Regionale prosjektportefølje(IKT):*<br>Heliks (helhetlig innføring av kliniske system) og Alle møter<br><br>LIBRA | | 26 900<br><br>1 218 | | Innarbeidet i langtidsbudssjettet og fordelt ut på klinikkene<br><br>Endringsbølge 1. Behandlet i lokal styringsgruppe og presentert direktørgruppen | Gevinstene er ikke spesifisert pr prosjekt/gevinstområde |

## 4.3. Helse Bergen

| Prosjekt | Total investering | Samlet gevinst mål | Gevinst innarbeidet i budsjett 2018 | Handlingsplan og forankring | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| *Byggeprosjekter:*<br>BUS 1<br>- byggeprosjekt<br>- organisasjonsprosjekt<br>BUS 2<br>- byggeprosjekt<br>- organisasjonsprosjekt<br><br>Mottaksklinikken<br>- byggeprosjekt<br>- organisasjonsprosjekt<br><br>Program poliklinikk<br>- alle møter<br>- ny poliklinikk og dagbehandling | jfr investerings-budsjett<br>jfr investerings-budsjett<br><br>jfr investerings-budsjett<br><br>jfr investerings-budsjett | Økt kapasitet Barne- og ungdomspsyk<br><br>10% redusert liggetid, 10% reduksjon i ant. reinnlegggelser ØH | -bedre logistikk<br>- økt kvalitet diagnostikk<br><br>- økt aktivitet | | |
| MTU prosjekter:<br>- utskifting av eksiterende utstyr<br>- nytt utstyr | jfr investerings-budsjett | | - økt kvalitet og stabilitet på utstyr<br>- økt kapasitet og nye behandlingstilbud | | |
| Andre større prosjekter:<br>- Etikk og kommunikasjon | | | | | |
| *Regional prosjektportefølje (IKT):*<br>- LIBRA<br>- KULE<br>- DMA<br>- DIPS Arena<br>- Effekt av system og verktøy (herunder avansert oppgaveplanlegging) | jfr investerings-budsjett portefølje | | effekt innarbeidd i tildelte budsjettrammer<br><br>Estimert effekt av nye verktøy og system: ca kr 20 mill. | | |

HELSE VEST

## 4.4. Helse Førde

| Prosjekt | Total investering | Samla gevinstmål | Gevinst innarbeida i budsjett 2018 | Handlingsplan og forankring | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|---|
| Byggeprosjekt:<br>Nye Førde Sjukehus | 64300 | 0 | 0 | Vedtatt i Stortinget samt styret i Helse Vest og Helse Førde. | For å klare å finansiere utbygginga må kostnadene reduserast med om lag 100 mill. gitt at dei føresetnadene som ligg inne i langtidsbudsjettet stemmer (t.d. nedgang i basis og auka kostandaer til medikament samt låge vekst i ISF-inntekter). |
| Andre | 33500 | 0 | 0 | Vedtatt i styret i Helse Førde. | For det meiste gjenanskaffingar eller pålegg frå ulike tilsyn som arbeidstilsynet. |
| MTU prosjekt:<br>Samla mindre prosjekt | 21200 | 0 | 0 | Vedtatt i styret i Helse Førde. | For det meiste gjenanskaffingar. Ikkje økonomisk effekt mot tidligare års rekneskap, men om vi ikkje hadde foretatt investeringane, ville det å påløpt ekstrakostnader. |
| Andre større prosjekt: | | | | | Ingen andre større prosjekt |
| *Regional prosjektportefølje (IKT):* | | | | | |
| Heliks<br>(helhetlig innføring av kliniske system) | 10469 | Det er enda ikkje laga ei samla oversikt. | 800 | Vedtatt i Helse Vest | Det er underutgreiing korleis vi kan gå ned til 15 min. overlapp mellom vakter. Vi har enda ikkje talfesta kor store innsparingar dette vil gjeve. Elles blir det mindre scanning. |
| Alle møter | 9982 | 0 | 2000 | Vedtatt i Helse Vest | Ikkje innareida nye tiltak i 2018 budsjettet. Men vidareføring av gevinst kr 2 mill som auka inntekter i 2017 budsjettet<br>Gevinstane er vanskeleg å måle, men vi ser ei endring i adferd. |
| Libra | 12174 | 0 | 1000 | Ikkje innareida nye tiltak i 2018 budsjettet. Men vidareføring av gevinst kr 2 mill som auka inntekter i 2017 budsjettet.<br>Gevinstane er vanskeleg å måle, men vi ser ei endring i adferd. | Innarbeida i 2017 budsjettet, men usikkert om vi klarte å hente ut heile gevinsten - resten må hentast i 2018.<br>Gevinstane er vanskeleg å måle, men vi ser ei endring i adferd. |

# 5. Førebels likviditetsbudsjett 2018

Den samla driftskredittramma til Helse Vest ved inngangen til 2018 er på kr 5 mill. Denne vil bli auka med kr 30 mill. og vil ved utgangen av året vere på 35 mill.

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett som er vist i grafen under:




Endringar i pensjonskostnaden for 2018 vil kunne påverke likviditeten i føretaksgruppa. Helse Vest legg til grunn at dette, på same måte som tidlegare år, blir handtert av Helse- og omsorgsdepartementet. Dette er eit forhold som administrerande direktør vil komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store periodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som her er budsjettert. Likviditetsbudsjettet er førebels og vil bli følgt opp nærmare i samband med den ordinære rapporteringa. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2018 vere tilfredsstillande. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp, og om nødvendig må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

# Vedlegg 1

| *) Spesifikasjon av postar utanfor modell | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntektsramme Helse Vest RHF | | | | | 4 065 369 | 4 065 369 |
| Internt lab-/røntgenoppgjer | -7 417 | -11 510 | 27 271 | -8 344 | | 0 |
| Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade | | | 14 269 | | | 14 269 |
| Strukturtilskot | | 30 379 | | 62 820 | | 93 199 |
| Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR | 65 793 | 38 981 | 80 364 | 24 994 | | 210 131 |
| LAR Helse Bergen | | | 5 941 | | | 5 941 |
| Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass | | | 11 882 | | | 11 882 |
| Nevrokirurgisk verksemd | | | 8 177 | | | 8 177 |
| PET-senter | 13 698 | | | | | 13 698 |
| PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt) | | | 7 078 | | | 7 078 |
| Pensjonskostnad (konsernbudsjettsaken) | 759 285 | 423 602 | 1 328 700 | 308 577 | | 2 820 164 |
| Reduksjon i pensjon 2016 | -240 600 | -131 400 | -412 700 | -96 800 | | -881 500 |
| Reduksjon i pensjon 2017 | -12 400 | -9 500 | -34 800 | -6 700 | | -63 400 |
| Reduksjon i pensjon 2017 - RNB | -27 600 | -24 700 | -22 400 | -19 800 | | -94 500 |
| Reduksjon i pensjon 2018 | | | | | | 0 |
| Tilskot til utdanning | 15 778 | 7 896 | 135 583 | 5 978 | | 165 235 |
| Kompetansetenester: | | | | | | |
| Regionale kompetansetenester (NY FORDELING) | 14 306 | | 42 144 | | | 56 450 |
| Nasjonale kompetansetenester finansiert av rammen | | | 10 376 | | | 10 376 |
| Tidlegare kompetansetenester overført til drift | | | 6 276 | | | 6 276 |
| Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma | | 866 | 3 472 | | | 4 338 |
| Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip | | | 6 501 | | | 6 501 |
| Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi | | | 891 | | | 891 |
| Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø | 8 337 | | | 8 337 | | 16 674 |
| Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrring | | | 2 596 | | | 2 596 |
| Pasienttransport | 9 642 | 9 597 | 12 297 | 13 065 | | 44 601 |
| Regional vurderingseining for rehabilitering | | | 4 897 | | | 4 897 |
| Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF | | | 30 973 | | | 30 973 |
| Nye nasjonale behandlingstenester | | | 6 238 | | | 6 238 |
| Helseradionett | 148 | 156 | 168 | 227 | | 698 |
| Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane | | | | | | 0 |
| ME-poliklinikkar Stavanger og Bergen | 1 151 | | 1 151 | | | 2 301 |
| Utdanningsstillingar geriatri | 2 376 | | | | | 2 376 |
| Legeambulanse | | 4 602 | | | | 4 602 |
| Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrelse | | | 517 | | | 517 |
| Etablering av soningseining for dei under 18 år | | | 1 181 | | | 1 181 |
| Narkotikaprogram med domstolskontroll | | | 2 251 | | | 2 251 |
| Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen | 828 | | 828 | | | 1 656 |
| System for innføring av nye metoder | | | 1 581 | | | 1 581 |
| Helse-Atlas | | | | 3 246 | | 3 246 |
| Fritt behandlingsvalg Somatikk | 4 475 | 2 595 | 6 265 | 1 675 | | 15 011 |
| Fritt behandlingsvalg Psykiatri/rus | 13 208 | 6 662 | 16 732 | 3 872 | | 40 474 |
| Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli | | | -15 150 | | | -15 150 |
| Ny nasjonal teneste | | | 1 746 | | | 1 746 |
| Pasient og pårørendeopplæring | | 1 264 | | | | 1 264 |
| Barn som pårørende | 446 | 3 458 | 3 570 | 446 | | 7 920 |
| Bibliotektenester Helse Stavanger | -5 165 | | | | | -5 165 |
| Pasientrapporterte data | | | 527 | | | 527 |
| Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom | 1 265 | | 1 151 | | | 2 416 |
| Drop outs | 2 240 | | | | | 2 240 |
| Overføring pasienter frå Gulen (Bergen/Førde) | | | 11 591 | -11 591 | | 0 |
| Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging) | -294 749 | -136 591 | -468 312 | -107 835 | | -1 007 487 |
| Arbeidsmedisinsk avdeling ("raskere tilbake") | | | 7 376 | | | 7 376 |
| **Overgangsordning re-hab inntektsmodellen 2018** | | **482** | **14 368** | **1 789** | | 16 638 |
| **Raskere tilbake** | **14 627** | **7 611** | **22 978** | **6 088** | | 51 304 |
| **Omlegging Lab-takster** | | | | | | 0 |
| **Stifinnar-prosjektet** | | | **2 000** | | | 2 000 |
| **Drift av ODC-team** | | | | | | 0 |
| **Regionalt utdanningssenter** | **500** | **500** | **2 400** | **500** | | 3 900 |
| Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus | | | | 4 329 | | 4 329 |
| **SUM, basisramme fordelt utanfor modell** | **340 173** | **224 950** | **890 942** | **194 871** | **4 065 369** | **5 716 305** |

| | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):** | | | | | | |
| Kompensasjon for arbeidsgivaravgift | | 7 366 | 548 | 19 849 | | 27 763 |
| Nasjonale kompetansetenester | 3 498 | | 30 300 | | | 33 798 |
| Vidareutvikle avansert heimesjukehus for barn | 6 100 | | | | | 6 100 |
| **Sum øyremerkte midlar frå HOD** | **9 598** | **7 366** | **30 848** | **19 849** | **0** | **67 661** |
| | | | | | | |
| **SUM, tildelt inntekt 2018 frå RHF** | **6 173 078** | **3 208 895** | **9 705 101** | **2 564 690** | **4 065 369** | **25 717 133** |
| **Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjer:** | | | | | | |
| Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjer | -180 035 | -64 447 | -111 106 | -66 914 | | -422 502 |
| Fakturering av gjestepasientar andre regionar | 48 222 | 7 229 | 162 490 | 19 143 | | 237 085 |
| Kostnad, rus gjestepasientar (estimat) | -13 343 | -10 353 | -31 058 | -4 256 | | -59 009 |
| Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat) | -15 299 | -12 078 | -34 509 | -7 822 | | -69 707 |
| Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat) | -7 240 | -8 044 | -8 044 | -4 597 | | -27 926 |
| **SUM, inntektsramme i HF-a** | **6 005 383** | **3 121 202** | **9 682 874** | **2 500 245** | **4 065 369** | **25 375 073** |

HELSE VEST

# Vedlegg 2

| Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret" | Budsjett 2018 |
|---|---|
| Tilskot til influensasenteret i Bergen | 3 357 |
| Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse | 1 575 929 |
| Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar | 222 290 |
| Driftsavtaler - rusområdet | 451 416 |
| Pensjon apoteka, IKT og RHF | 15 000 |
| Andre avtaler | 2 597 |
| Lab/røntgen, offentleg | 50 903 |
| Lab/røntgen, privat | 91 803 |
| Luftambulansetenesta HF | 160 600 |
| DRG poeng Bergen Legevakt | 7 774 |
| Ufordelte DRG poeng | 51 549 |
| Kjøp, private | 107 485 |
| SUM | 2 740 702 |
| **Tilskotsordningar** | |
| Regionsjukehustilskot, Bergen Legevakt | 518 |
| Tilskot, brukarorganisasjonar | 10 291 |
| Studenthelseteneste | 4 481 |
| Regionalt brukarutval | 1 190 |
| SUM | 16 480 |
| **Tilbakeholdte midlar/blir fordelt direkte frå RHF** | |
| Tilskot til forsking | 193 440 |
| Tilskot til Pasientreiser HF | 30 292 |
| Norsk Pasientskadeerstatning | 172 000 |
| Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapautar | 6 600 |
| Helseforetakenes driftsorgansisajon HF - Nødnett | 14 300 |
| Nasjonal IKT HF | 23 400 |
| Kvalitetsregistre | 50 010 |
| Habilitering/rehabilitering | 189 439 |
| Avskriving bygg Jæren DPS | 5 271 |
| Regionale og nasjonale fellesprosjekt | 53 287 |
| Tillitsvalde | 4 260 |
| Regionale fellesløysingar | 10 793 |
| Kvalitet og pasienttryggleik | 16 672 |
| Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde | 44 624 |
| Landsdekkande modell for rettspsykiatri | 1 100 |
| Nasjonalt program for tarmscreening 2019 | 1 500 |
| Videre drift av OCD-teama | 1 284 |
| Prostatasentre | 3 463 |
| Satsingar som blir fordelt seinare | 10 182 |
| Klinisk multisenterstudie ME | 2 000 |
| Forsking ME | 1 000 |
| Legemiddelberedskap | 1 054 |
| Transporttilbod psykisk sjuke | 4 000 |
| Medisinske kvalitetsregistre | 6 645 |
| Kompetansetenester - frikjøp | 2 107 |
| Felles regionale kompetanseplaner | 2 107 |
| Intensiv språktrening | 7 000 |
| Rehabiliteringstiltak for barn og unge | 2 674 |
| Nasjonal helseøvelse | 4 000 |
| Tilskudd til prosjekt medikamentfri behandling | 3 054 |
| Tilbakehaldne midlar til omlegging lab takstar | 75 831 |
| Medisinske undersøkingar på barnehusa | 3 900 |
| Sjukehusinnkjøp HF | 800 |
| Sjukehusbygg HF | 11 400 |
| Utfasing gebyrinntekter Sykehusinnkjøp HF | 3 975 |
| Tiliskot særlege driftsutgifter prøveordning tannhelseteneste | 400 |
| Overskot i RHF-et | 150 000 |
| Reserve | 115 362 |
| SUM | 1 229 226 |
| Renteinntekt i RHF-et | -45 000 |
| **Helse Vest morselskap** | |
| Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme | 123 961 |
| SUM | 4 065 369 |